



MØTEPROTOKOLL

Kontrollutvalet

Dato: 17.9.13 **Kl.:** 10.00 – 13:10 **Stad:** Formannskapssalen, Bømlo rådhus
Saknr.: 24/13 – 32/13

MØTELEIAR

Georg Lønning (H)

DESSE MØTTE

Georg Lønning (H)
Kåre Habbestad (SP)
Terje Olav Nesse (V)
John-Kåre Torkelsen (Krf)
Svanhild Vespestad (Ap)
Vidar Onarheim (H) Varamedlem

FORFALL

Sonja Hellen Sele (H) hadde forfall til møtet. Vidar Onarheim (H) møtte i staden.

DESSUTAN MØTTE

Rådmann Sverre Olav Svarstad, Økonomisjef Jarle Nakken og Kommunalsjef helse sosial og omsorg, Kjell Magnar Mellesdal var med i sak 26/13
Else Holst Larsen og Silje Sivertsen v/ Deloitte AS var med i heile møtet.
Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet v/ Kjartan Haugsnes

Sakliste:

Saknr.	Sak
24/13	Godkjenning av innkalling og sakliste
25/13	Godkjenning av protokoll frå møte 14.5.13
26/13	Rådmannen orienterer
27/13	Rapport etter forvaltningsrevisjon av Barne og familietenesta i Bømlo kommune
28/13	Orientering
29/13	Meldingar
30/13	Budsjettforslag 2014 for kontroll og tilsynsarbeidet i Bømlo kommune
31/13	Vurdering av om Deloitte AS er uavhengig i høve Bømlo kommune
32/13	Gjennomgang av møteprotokollar
	Eventuelt

24/13 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

HANDSAMING I MØTET

Det framkom ingen redaksjonelle merknader til innkalling og sakliste.

VEDTAK

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.

25/13 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE

HANDSAMING I MØTET

Det framkom ein merknad til protokoll frå møte 14.5.2013.

Ordlydendring på sak 21/13 side 3 « orienterte om Kulturhuset»

VEDTAK

Protokollen frå møte 14.5.2013 med ei endring/presisering vart samrøystes godkjend.

26/13 RÅDMANNEN ORIENTERER

FORSLAG TIL VEDTAK

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

HANDSAMING I MØTET

Rådmannen orienterte kort om selskapskontroll av Sentralidrettsanlegget AS.

Etter sams drøfting i utvalet vart slikt forslag til vedtak samrøystes vedteke:

1. Orientering gjeldande Sentralidrettsanlegget AS vart teken til orientering.
2. Kontrollutvalet inviterer rådmannen til første møte i 2014 for ei ny orientering/status.

Rådmann Sverre Olav Svarstad og Økonomisjef Jarle Nakken orienterte om samhandlingsreforma. Kommunalsjef helse sosial og omsorg, Kjell Magnar Mellesdal var og til stades og svarte på spørsmål frå utvalet. Dei var mellom anna innom slike punkt:

- Hovudoverskrift: Økonomisk konsekvens for Bømlo kommune
- Kommunal medfinansiering (KMF), makstak for innlegging kr. 30 000,-
- Utskrivingsklare pasientar kr. 4000,- pr. døgn
- 2012 resultat – rammetilskot ca. 11,4 mill. kr mot estimert kostnad 14,3 mill. kr
- Samla resultat, meirforbruk 1,860 mill kr.
- Helseforetaka kan vere prisdrivande (Helse Fonna kommunane tapar)
- Helse Fonna har «for god» kapasitet
- Kort reiseavstand til sjukehus auker utgiftene
- Oppretta eit rom / kriseplass på sjukeheimen. Øyeblikkelig hjelp seng vert lovkrav frå 2016
- Kommunen/ tenestene i open omsorg/sjukeheim har vore særst flinke til å ta mot utskrivingsklare pasientar

Orientering om samhandlingsreforma vart teken til orientering

Vedtaket var samrøystes.

VEDTAK

1. Orientering gjeldande Sentralidrettsanlegget AS vart teken til orientering.
2. Kontrollutvalet inviterer rådmannen til første møte i 2014 for ei ny orientering/status.
3. Orientering om samhandlingsreforma vart teken til orientering

27/13 RAPPORT ETTER FORVALTNINGSREVISJON AV BARNE OG FAMILIETENESTA I BØMLO KOMMUNE

FORSLAG TIL INNSTILLING:

Kommunestyret ber rådmannen syta for at:

1. Forslag til tiltak i dei 15 punkta i forvaltningsrevisjonsrapport som gjeld Barne og familietenesta i Bømlo kommune vert følgt opp. Herunder at ordet vurdere utgår i pkt. 12.
2. Rådmannen lagar ein handlingsplan innan 1.2.2014 til kommunestyret, med kopi til kontrollutvalet, som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

HANDSAMING I MØTET

Silje Sivertsen frå Deloitte AS presenterte rapporten og svara på spørsmål frå utvalet.

Etter sams drøfting i utvalet vart forslag til innstilling samrøystes vedteke med ei redaksjonell endring, gjeldande pkt. 12 i forslag til tiltak frå revisor: Stryke ordet vurdere.

INNSTILLING:

Kommunestyret ber rådmannen syta for at:

1. Forslag til tiltak i dei 15 punkta i forvaltningsrevisjonsrapport som gjeld Barne og familietenesta i Bømlo kommune vert følgt opp. Herunder at ordet vurdere utgår i pkt. 12.
2. Rådmannen lagar ein handlingsplan innan 1.2.2014 til kommunestyret, med kopi til kontrollutvalet, som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

28/13 ORIENTERINGSSAKER

Nr.	Orientering frå:	Orientering angående:
1	Sekretariatet	Status iPad bruk.
2	Sekretariatet	Vidare opplæring av kontrollutvalet.
3	Deloitte AS	Revisjonsplan for 2013.
4	Sekretariatet	Rekneskap for kontrollutvalet pr. 14.8.2013.
	Eventuelt	

FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

HANDSAMING I MØTET:

Nr.	Orientering frå:	Orientering angående:
1	Sekretariatet	Status iPad bruk. <ul style="list-style-type: none">• Ta dette punktet opp på nytt i neste møtet.
2	Sekretariatet	Vidare opplæring av kontrollutvalet. <ul style="list-style-type: none">• 6.og 7. mars. Alle kontrollutval/sekretariat/revisjonsordningar i Hordaland vert invitert.• Forslag til tema kan sendast på epost til sekretariatet
3	Deloitte AS	Revisjonsplan for 2013. <ul style="list-style-type: none">• Else Holst Larsen orienterte.
4	Sekretariatet	Rekneskap for kontrollutvalet pr. 14.8.2013. <ul style="list-style-type: none">• Tatt til orientering
	Eventuelt	Ingen saker meldt

Vedtaket var samrøystes.

VEDTAK

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

29/13 MELDINGAR

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
1	Fylkesmannen i Hordaland	Bømlo kommune – budsjett og økonomiplan 2013 – 2016
2	Kommunal- og regionaldepartementet	Rundskriv om iverksetting av endringar i kommuneloven m.m. – egenkontroll mv.
3	Kommunestyret	Kvalitetsmelding grunnskule 2012 – Bømlo kommune
4	Kommunestyret	Bømlo Frisklivssentral – Oppstart 2013
5	Kommunestyret	1. Tertialrapport 2013
	Eventuelt	

FORSLAG TIL VEDTAK

Meldingane vert tekne til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
1	Fylkesmannen i Hordaland	Bømlo kommune – budsjett og økonomiplan 2013 – 2016
2	Kommunal- og regionaldepartementet	Rundskriv om iverksetting av endringar i kommuneloven m.m. – egenkontroll mv. <ul style="list-style-type: none">• Sekretariatet orienterte kort om hovudoverskriftene i rundskrivet.
3	Kommunestyret	Kvalitetsmelding grunnskule 2012 – Bømlo kommune

4	Kommunestyret	Bømlo Frisklivssentral – Oppstart 2013
5	Kommunestyret	2. Tertialrapport 2013
	Eventuelt	

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Meldingane vert tekne til orientering.

30/13 BUDSJETTFORSLAG 2014 FOR KONTROLL OG TILSYNSARBEIDET I BØMLO KOMMUNE

FORSLAG TIL INNSTILLING

Kommunestyret godkjenner budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i 2014 i Bømlo kommune slik det ligg føre.

HANDSAMING I MØTET

Vedtaket var samrøystes.

INNSTILLING

Kommunestyret godkjenner budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i 2014 i Bømlo kommune slik det ligg føre.

31/13 VURDERING AV OM DELOITTE AS ER UAVHENGIG I HØVE BØMLO KOMMUNE

FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor Else Holst-Larsen, vedr. om Deloitte er uavhengig i høve Bømlo kommune, til etterretning.

HANDSAMING I MØTET

Else Holst Larsen frå Deloitte AS orienterte kort.

Vedtaket var samrøystes.

VEDTAK

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor Else Holst-Larsen, vedr. om Deloitte er uavhengig i høve Bømlo kommune, til etterretning.

32/13 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR

FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Vedtaket var samrøystes.

VEDTAK

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

EVENTUELT

Det vart meldt to saker til eventuelt.

1. Svanhild Vespestad stilte spørsmål om selskapskontroll gjeldande Bømlø Vatn og Avløpsselskap AS

Etter sams drøfting i utvalet vart slikt punkt samrøystes vedteke:

Kontrollutvalet ber sekretariatet om å førebu sak om bestilling av prosjektplan selskapskontroll av Bømlø Vatn og Avløpsselskap AS til neste møte.

2. Kontrollutvalet ønskjer å invitere rådmannen til neste møte i utvalet for å orientere om kommunen sin praksis i høve dokumenter til offentleg ettersyn, og fri tilgjenge til offentlege dokument.

Georg Lønning
leiar

Kjartan Haugsnes
møtesekretær